



Også i år skal Røde Kors alkoteste deltakerne på Ungkarsfestivalen i Suldal. Minstekravet for å slippe inn er 0,75 i promille.

## Muhammedkarikaturane Ny bok



Denne veka kom Flemming Rose versjon av Muhammed-karikaturstriden på norsk, i form av boka «Taushetens tyranni». Rose var mannen som bestilte Muhammed-karikaturane i 2005.

FOTO: KYRRE LIEN, SCANPIX

Det kjennest ganske enkelt absurd at vår rett til å ytra oss fritt skal kjennast så provoserande for enkelte at me skal trugast til å halda kjeft. Flemming Rose nektar heldigvis å bøya seg.

# Den provoserande fridomen

**LA OSS TA DET** som eit godt teikn: Etter at dei tilsette i Cappelen Damm måndag formiddag var evakuerte frå forlagslokala i Oslo sentrum på grunn av den tillyste protestdemonstrasjonen mot utgjevinga av boka «Taushetens tyranni», viste det seg at det kom fleire politifolk enn demonstrantar. Rundt 20 sjeler stilte opp i Oslo sentrum, så få at operasjonsleiar Knut Hjulstad i Oslo Politidistrikt til Dagbladet sa at han ikkje ein gong ville kalla det ein «demonstrasjon».

La oss ta det som eit godt teikn, som eit framskritt, at ei bok om – og med – dei 12 karikaturane av Muhammed, som den danske avis Jyllands-Posten trykka 30. september 2005, og som sidan skulle leia til valdelege demonstrasjonar, flaggbrenning, kontroversar, boikott og døden for meir enn hundre menneske, denne gong «bare» hissar opp eit snes menneske og nokre aviskommentatorar – i alle fall her i Norge.

Har karikaturstriden som har rast sidan 2005 heva terskelen for å føla seg krenka for hårsåre muslimar i Norge? I så fall har kontroversen hatt ein misjon.

**FLEMMING ROSE**, dåverande kulturredaktør i Jyllands-Posten, var mannen som bestilte Muhammed-karikaturane. I «Taushetens tyranni» plasserer han både seg sjølv, teikningane og etterspelet inn i ein samanheng. Rose er alt anna enn nokon dansk heimføding. Etter å ha studert russisk språk og littera-



Jan Zahl

journalist  
i Aftenbladet

jan.zahl@  
aftenbladet.no

**Har karikaturstriden som har rast sidan 2005 heva terskelen for å føla seg krenka for hårsåre muslimar i Norge? I så fall har kontroversen hatt ein misjon.**

tur, var han frå 1990 til 2004 korrespondent for danske aviser, ein periode i Washington D. C., to periodar i Moskva. Særleg erfaringa frå Russland, nærmare bestemt med Sovjetunionen, kommunismen og dissidentane i landet, har prega Rose – som er russisk gift.

Rose har opplevd ein ideologi på nært hold som han reknar som direkte menneskefiendtleg, og eit regime som nekta innbyggjarane sine å snakka fritt, i staden tok monopol på fortolkinga av absolutt alt – og forfølgde og fengsla alle som ikkje innretta seg. Det var ikkje ein gong lov å slå vitsar om styresmaktene i Sovjetunionen.

Så opplever Rose, tilbake i Danmark i 2005, fire år etter terroråtaka på USA 11. september 2001, at den danske komikaren Frank Hvam – ein mann som tilsynelatande ikkje har grenser for kva han kan tulla med (bare sjekk tv-serien Klovn, som går i reprise på TV 2 seint på kveldane for tida) i eit intervju fortel at han ikkje tør å gjera narr av Koranen.

«**HVIS JEG GJORDE NARR** av Koranen foran kamera, ville jeg frykte at det satt en idiot et sted som ville ha glede av å dundre til meg i magen. Det har jeg aldri vært redd for tidlige,» sa Hvam. Samtidig observerer Rose at danske teater set opp framstyringar med satire og brodd mot USAs George W. Bush, men ingen om Osama bin Laden eller hans allierte. Tate Britain i London fjernar eit kunstverk av frykt for muslim-

ske reaksjonar – sjølv om kristendommen og jødedommen blir behandla nøyaktig likt i verket «God is Great» av John Latham. (Latham sjølv blei rasande.) Men dråpen som fekk Jyllands-Posten til å invitera danske avisteiknarar til å teikna sitt bilet av Muhammed slik dei såg han, var at barnebokforfattaren Kåre Bluitgen ikkje fekk tak i illustratør til barneboka si om profeten Muhammeds liv. Tre teiknarar takka nei – av frykt for valdelege reaksjonar for å ha avbilda profeten.

Var det verkeleg slik at kunstnarar, forfattarar, teiknarar, omsetjarar og teaterfolk går i ein stor bue utanom det viktigaste kulturmøtet i vår tid, det mellom islam og dei sekulære vestlege samfunna med rot i kristendommen?

«Dette var en klassisk journalistisk fremgangsmåte. Pressen fikk nyss om et problem og ville undersøke om det lå noe i det,» skriv Rose, og presiserer at hans mål ikkje var å provosera.

Rose og Jyllands-Posten fekk 12 teikningar til svar. Det som så skjedde, tør vera ganske godt kjent. Det låg definitivt noko i det pressa hadde fått nyss om.

Sidan har debatten gått. Aftenpostens debatt- og kulturredaktør Knut Olav Åmås kallar karikaturstriden vår tids mest sentrale verdidebatt, og frontane har vore harde. «Alle» erklaerer at dei er for ytringsfrihet, men det du skal lytta etter, er det som kjem etter komma og etter «,men». For der kjem

nemleg etterhalda, grensene og reservasjonane.

**ROSE SET GRENSA** for ytringsfriheten ved direkte oppfordringar til vald, og vil det manglende skiljet mellom ord og handling til livs. Alt-så at enkelte meiner at ei sårande ytring er det same som eit sårande stikk – med kniv. Rose meiner, og det er eg hjartans einig med han i, at i eit globalisert, multietnisk, multikulturelt og multireligiøst samfunn – og der er me allerei – er det ein føresetnad for å kunna leva saman at me blir mindre hårsåre. Det vil bli heilt uråd å navigera i dette samfunnet om nokon til ei kvar tid skal kunna retta opp handa og erklæra seg krenkt. Me lever så tett på kvarandre som me gjer, både fysisk og teknologisk, at ein må tåla å bli trødd på tærne frå tid til anna.

**DENNE TOLERANSEN**, denne fridomen til å ytra seg, blir ikkje sett på prøve om me bare seier det alle er samde om eller bare forsiktige, generelle og koselege ting.

Som Rose skriv: «Ytringsfrihet og toleranse er to sider av samme sak. Ytringsfrihet gir bare mening hvis det i samfunnet er en stor toleranse for ytringer vi ikke liker. Toleranse blir et meningsløst og tomt begrep hvis det ikke er vide rammer for å ytre seg. Historisk er ytringsfriheten og toleransen hverandres forutsetninger, ikke motsetninger.»

Då er det bare å ta ordet...